

95. ¹ Tone: I rosenlund under sagas hall

Naa naudi i stormar til høg set fram
Aa bryt so min trevna dalar
Aa eg ikkje heller gjeng so stram
Det myrknar av vanmodskvalar
Naar sott aa sjukdom trengje paa
Aa taarur auga væter
Aa naar ein «elsket» bleikna maa
Aa eg stend der aa græter.

Naar tankar kryssar om liv aa daud
Daa vert det tunggjengda stundar.
Tungsamt aa vinna klæde aa braud
Ser ut som lukka gjeng undar
Heimsens gleda den turkar inn
Forkrøblast heila hyggja
Aa for mit lekam for mitt sinn
No alle ting ting vil skyggja.

Naar den eg elska hev sagt farvel
Aa kvilar fraa alla sute.
Aa so den «lille» der var mi sjel
Mi gleda inne aa ute
Den tok vorhera heim til seg
Til mor det skulde fara
Aa eg stend att aaleina eg
Ein saknad saar aa klara.

Men kjære naar han so raar for alt
For menneskjes liv aa lukka
Ein saadan skuleveg heve valt
De faafengt for os aa pukka
Knurra klaga det kan me vel.
Da felle – surt aa leva
De Gud so styre kjære sjel
Han tek aa han kan gjeva.